

Vårhelsing frå Rogaland Sau og Geit, mars 2017

Årsmøtet til Rogaland Sau og Geit blei halde på Clarion Hotel Air, Sola 17.-18. februar. Det var 19 utsendingar som ikkje hadde vore på RSG sitt Årsmøte før, veldig bra at så mange nye deltok. Dette er ny giv, og RSG sitt resultat etter arbeidet med å få til ein levande organisasjon.

Det var ein del spørsmål som kom fram på Årsmøte som avslørte at lokallagsleier ikkje har sendt informasjon vidare til sine medlemmer. Døme på dette er informasjon om Fjelldagane, Mattilsynet, Erfaringsgrupper, Samarbeid med Geitenæringa, Gjetarhund, Smårasane, Vereringane og elles ivareta medlemmene sine interesser. RSG har 5 regioner og det er lurt å bruke representant i din region til å delta på medlemsmøte. Medlemsfordeler er blant anna aktivt fagmiljø, aktiviteter, advokathjelp, apotekavtalen, klyppekurs, insemineringskurs, gjetarhundkurs og elles er det nyttig informasjon i bladet vårt «Sau og Geit»

Me går mot lysare dagar, vaknar til fuglekvitter og lamminga nærmar seg. Økonomien er blitt brukbar i næringa, men skal du tene pengar så er det heilårsarbeid å drive med sau. Mange er opptatt av kilopris på slaktet, kanskje man også bør tenke på beitekvalitet og å utnytte beite-ressurser. Året 2016 var det mange som hadde problem med Leverikter og Haemonchus, lurt å være obs på dette. Rådgiving på beite og utmark er viktig, bruk rådgivar eller kollega som får det til.

NSG vart stifta i 1947 og fyller 70 år i disse dagar. Mange har gode minner frå styreverv og andre aktiviteter i Sau og Geit. Ein som har markert seg positivt gjennom mange år er Hermund Lende, og han vart derfor utnemnt som Æresmedlem i Rogaland Sau og Geit. Gratulera Hermund, vel fortent!

Me ynskjer alle lukke til i lamminga og ein strålande vår.

Med helsing
Styret i Rogaland Sau og Geit



Bilde: Utsendinger til RSG sitt Årsmøte for fyrste gong